



Arkivsaknr: 2024/11097-9
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på gjeve dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasè - gbnr 188/387 og 188/116 Bruvegen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå nabo på dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasè – gbnr 188/387 og 188/116 Bruvegen, datert 30.01.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå områdeplan Knarvik senter/planid. 1263-201002 frå arealformål o_VG og o_SF12 og o_SF13 som omsøkt. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune gjev løyve i eit-trinn til etablering av veg, gangveg, og friområder slik som omsøkt. Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.04.2024 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3, sjå vedlegg.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 96/2025

Påklaga vedtak Dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasè – gbnr 188/387 og 188/116 Bruvegen, datert 30.01.2025

Tiltak: Veg, gangveg, friområde og rørtrasè

Søknadstype: Dispensasjon og søknad om tiltak

Eigedom: Gbnr. 188/387 og 188/116

Adresse: ALVER

Tiltakshavar: ALVER KOMMUNE

Klagar: Rabben Velforeining v/styreleiar Vidar Rydland – gbnr 188/282 og 188/285

Tilsvar: Det er ikkje mottatt tilsvar til klagen

Utsatt iverksetting: Klagar har bedt om utsatt iverksetting. I skriv av 12.02.2025 har kommunen ikkje gitt utsatt iverksetting av tiltaket.

Vurderingstema for APM

Det er søkt og gjeve dispensasjon frå arealformål slik dei er synt på gjeldande plankart. Det er bytta om på plassering av formål anna veggrunn og vegareal (underformål veg). Dette for å unngå vatnskade på etablert bebyggelse som følgje av etablering av vatnbed/grønstruktur langs offentleg veg o_SKV8.

APM må vurdere gjeve dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasè. Dei delar av vedtaket, som er påklaga, er i samsvar med godkjent områdeplan for Knarvik senter.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå Rabben Velforeining v/styreleiar Vidar Rydland – organisasjonsnummer 929340701.

Klagar er ei velforeining med eige organisasjonsnummer som er registeret i Brønnøysundsregisteret. Klagar fremja merknad til søknaden, merknaden vart kommentert av ansvarleg søkjar og vurdert av kommunen i vedtaket. Velforeininga var part i saka ved søknaden. Klagar viser til at vedtaket påverkar direkte bebuarane som er tilknytt velforeininga. I tillegg er det etter forvaltningslova kapittel VI ein vid praksis om å gje velforeiningar enten partstatus eller rettsleg klageinteresse i klageomgangen. Dette fordi ei velforeining representerer grunneigarar/bebuarar sine samla arealinteresser. Då velforeininga er gjeve partstatus ved søknaden og vedtaket kan direkte konsekvens for grunneigarar/bebuarar tilknytt velforeininga, så vert velforeininga gjeve partstatus i klageomgangen. Klagar har klagerett i saka.

Vedtak i saka er sendt ut den 30.01.2025. Klagen er datert 30.01.2025 og mottatt den 31.01.2025. Klagen er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.


Planstatus

Arealet ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan for Knarvik senter/planid.: 1263-201002 er definert som gangveg(o_SF9, o_SF12-SF14, o_SGG20, o_SGG21), veg(o_SKV8), anna veg grunn (o_VG) og friområde (o_GF5 og o_GF6).


Tiltaket er ledd i realisering av teknisk infrastruktur innan områdeplan Knarvik senter.

Kart og foto


Oversikt




Situasjonsplan VA



Situasjonsplan veg




Utsnitt fra områderegulering - Knarvik senter



Landskap



Plan og profil



Norge i bilder



Uttale frå andre mynde

Saka har vore sendt regionale mynde til uttale, det er ikkje motteke uttale i saka. Statsforvaltaren i Vestland har fått vedtaket til klagevurdering. Det er ikkje mottatt klage frå Statsforvaltaren.

Dispensasjon

Tiltaket krev og det er søkt dispensasjon frå arealformål gangveg til anna veggrunn.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

«Dispensasjonsforhold 1 og2:

Områdeplan for Knarvik sentrum, arealformål: o_SF 12 og o_SF 13

Hensynet bak arealformål fastsatt i arealplaner er å fastsette bindende rammer for arealutnyttingen innanfor det avgrensede området. Rammene er fastsatt etter demokratiske prosesser, i tråd med overordnede planer og regelverk, og med innspill fra andre myndigheter og interessenter. Vedtatt arealplan skal gi forutsigbarhet for alle som er berørt av arealbruksendringer.

Hensynet blir ikke påvirket i nevneverdig negativ grad grunnet tiltakets plassering. Det er tenkt etablert fortau langs begge sider av Bruvegen, samt noen regnbed som trengs for å håndtere overflatevann ved store nedbørsmengder. Regnbedene vil bli etablert i område som er avsatt o_SF – fortau, noe som utløser behov for dispensasjon fra kommuneplanens arealdel.

Fordelene ved en dispensasjon vil være at det kan etableres et fortau langs Bruvegen, noe som er ønsket av kommunen og er en del av overordnet strategi for Knarvik sentrum. Det vil også være en fordel for garasjene langs denne delen av Bruvegen at regnbedene trekkes lengre ut og ikke etableres helt inn til grunnmur for garasjene. Vi kan ikke se at det skal være noen ulemper for hverken området eller beboerne at det etableres regnbed langs Bruvegen.

I lys av at tiltaket er et samfunnsnyttig og nødvendig tiltak, foreligger det etter vår vurdering en tilstrekkelig overvekt av hensyn som taler for dispensasjon.

Dispensasjonsforhold 3:

Områdeplan for Knarvik sentrum, arealformål: o_VG Anna veggrunn

Hensynet bak bestemmelsene i områdeplanen er å sikre grunn for etablering av vei for tilkomst til regulert boligfelt. Av hensyn til overflatevann og beregning av en 200 års flom er det søkt om dispensasjon til etablering av regnbed i det området som i gjeldene planer er avsatt til fortau. Dette fører til at fortauet er flyttet inn i område avsatt til anna veggrunn og dette utløser behov for dispensasjon fra kommuneplanens arealdel Sett hen til at etablering av fortau i område avsatt til anna veggrunn den kommunale veien vil bidra til en tryggere hverdag for alle, vil etter vårt syn ikke en dispensasjon tilside sette hensynene bak bestemmelsen det ønskes dispensasjon fra. Det vil heller være en fordel for alle da det vil flytte fotgjenger og syklist ut av kjørefelt og inn på fortau, noe som vil minke faren for møteulykker

mellom bil og myke trafikanter. Vi kan ikke se at det å etablere fortau i område avsatt til anna veggrunn vil påføre området eller beboere noen form for ulemper.

I lys av at tiltaket er et samfunnsnyttig og nødvendig tiltak, foreligger det etter vår vurdering en tilstrekkelig overvekt av hensyn som taler for dispensasjon.

Det bes om at det innvilges dispensasjon fra områdeplanens bestemmelser om arealformål o_SF 12 og o_SF 13 og o_VG anna veggrunn. Vilåårene i plan- og bygningssloven § 19-2 er etter vårt syn oppfylt.»

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknadar til varsla tiltak.

Klagar sin merknad til nabovarselet lyder:

Desse merknadene vert skrivne på vegner av Rabben velforening. Den einskilde bustadeigar i velforeninga står fritt til å skrive merknader uavhengig av dette.

Dei vedlagte planane som berører gnr. 188, bnr. 116, lokalt kalla trekanten, medfører betydelege endringar på det aktuelle området. Vitale funksjonar for bebuarar i Rabben velforening vil falla bort, særleg for dei som bur i Bruvegen 60-78, gnr. 188, bnr. 491-474. Endringane vil medføre store negative konsekvensar for desse bebuarane som vist nedanfor:

1. Trekanten har fungert som eit tenleg parkeringsområde i 40-50 år. Bebuarar og gjester i Rabben har kunna parkere på området, tidlegare også personale i Haugen barnehage som no er nedlagt. Det har stått inntil 11 bilar parkert her samstundes. Av desse har 5-6 plassar vore brukt av bebuarar og gjester i Rabben. Ifølgje føreliggjande planar vil desse plassane forsvinna utan at det er lagt opp til erstatningsplassar på noko vis.

Bebuarane i Bruvegen 60-78 hadde frå starten i 1974 tilgang til 10 reserverte parkeringsplassar ved nokre av rekkjehusa i Knatten burettslag. Her er det no tilrettelagt med garasjar og parkeringsplassar for bebuarar i Knatten. Seinare har nr. 60, 62 og 78 fått oppført garasje på eigen eigedom. Nokre av dei som bur i nr. 64-76 kjører inn på gang- og sykkelvegen ved nr. 60 og parkerer ved inngangen på eigen eigedom med eigen el-bilkontakt. Dei andre i nr. 64-76 parkerer + gjester på trekanten. Dette har fungert greitt.

Det er allereie stort press på parkeringstilgang i våre nærområde, og bortfall av dagens parkeringsplassar på trekanten vil forverra situasjonen ytterlegare. Både yrkesbilar, bubilar, mindre bilar og motorsyklar står heile tida parkert i vegkanten langs Bruvegen mot Klubben.

2. Planane viser at innkjøring til eigedomane i Bruvegen 60-78 vil verta stengt ved nr. 60. Dette vil medføre store ulemper for dei fleste bebuarane her. Bruvegen 60 og 62 har for lenge sidan fått oppført garasje knytt til sine eigedomar, og dei har kjørt til og frå garasje via den omtalte innkjøringa. Fleire i Bruvegen 64-76 har bilen oppstilt på eigen eigedom med eigen el-bilkontakt. Dei kjører inn ved Bruvegen 60 og ut ved Bruvegen 78. Ved å stengja innkjøringa ved Bruvegen 60 vil trafikken på gang- og sykkelvegen mellom nr. 60 og 78 verta minst dobbel så stor, då bilistane må kjøra inn ved nr. 78, snu ved nr. 60, og så kjøra tilbake til eigen plass. Det bur fleire familiar med mindreårige barn langs denne vegen, og utgangen frå bustaden kjem rett ut i vegen. Risikoen for ulukker vil auka betydeleg.

3. Bebuarar i Bruvegen 60-78, og nokre bebuarar i Knatten burettslag (Bruvegen 46-58) har oppstillingsplass for bossdunkar på eine enden av trekanten, ned mot Bruvegen 58. Her er det også plass for bossbilen til å henta bosset. Føreliggjande planar viser at oppstillingsplass for bossdunkar og bossbil vil forsvinna, utan at det er sagt noko om alternativ løysing.

Ovanstående fakta er tidlegare gjort greie for i merknader til nabovarsel frå Arc Arkitekter AS 27.05.2022, og i møte med Alver kommune v/ Line Merete Valle og Inger Marie Jordal sommaren 2022. Vi kan ikkje sjå at det er tatt omsyn til våre merknader i føreliggjande planar.

Etter møte med Valle og Jordal fekk vi tilbakemelding frå Alver kommune v/ rådgjevar Emil Christensen Birkeland i brev av 26.09.2022. Her står det m.a. (sitat):

«o_GF5 vert i dag nytta av bebuarane i Rabben Vel til parkering mm. Som de er kjend med er det aktuelle arealet er regulert til eit offentleg friområde. Kommunen ser at det er behov for å gjere nokon vurderingar før ein realiserer arealet. Dette er blant anna knytt til løysingar for Rabben vel, og generelle løysingar for trafikksituasjonen i området.

Opparbeiding av o_GF5 og løysingar rundt arealet bør gjerast i samband med utvikling av nærliggande eigedommar, som eksempelvis BKB5, alternativt løysast i ein planendring. Vi vil informere Rabbel vel når slik prosess blir satt i gang. Når eventuell prosess med planendring startar opp vil Rabben Vel ha moglegheit til å kome med innspel og merknadar til planarbeidet.

Når det gjeld tidsperspektiv ser vi ikkje for oss at dette vert løyst innan dei neste 3-5 åra.»

Konklusjon: I høve til føreliggjande utbyggingsplanar har Rabben velforening som mål:

1. At 5-6 parkeringsplassar på trekanten vert vidareført for bebuarar og gjester i Rabben. På trekanten bør det vera mogleg å få til litt meir grøntareal enn i dag, kombinert med nokre parkeringsplassar.
2. At innkjøring på gang- og sykkelveg ved nr. 60 framleis vert halden open.
3. At det vert sikra oppstillingsplass for bossdunkar for aktuelle bebuarar i Rabben og Knatten, og plass til bossbil når bosset skal hentast.

Vi ser for oss at dette kan løysast gjennom ei planendring.

Sett frå Rabben velforening si side er det viktig at dei som bur her har eit godt og trygt bumiljø, der vitale funksjonar vert ivaretatt. At den nye Knarvikplanen legg til rette for ein del grøntområde i nærmiljøet ser vi positivt på. Men det må ikkje gå på bekostning av vitale funksjonar for lokale bebuarar som vist ovanfor.

Vi ønskjer eit dialogmøte med involverte paratar snarast, der vi kan gå gjennom alternative løysingar til føreliggjande planar. Vi meiner det er mogleg å koma fram til kompromiss som kan ivareta begge paratar sine interesser.

Ansvarleg søkjar har i skriv gjeve følgjande oppstilling av nabomerknad og kommentar til merknad:

Merknader til nabovarsel med tilsvar			
Gnr/bnr	Navn	Merknad	Tilsvar
188/282 188/285	Rabben velforening v/ Vidar Rydland	Viser til at området som nå blir omgjort til grøntområdet har vært benyttet som parkering for beboere, gjester og ansatte i barnehagen, disse vil forsvinne uten at det kommer noen til erstatning for disse. Det er allerede et stort press på parkering i området og dette vil ikke bedre det. Innkjørsel til eiendommene Bruvegen 60 – 78 vil bli stengt ved nr. 60, dette vil øke trafikken på gangveien. Noen av eiendommen har oppstillingsplass for sine boss-spenn i trekanten som nå blir grøntområde, hvor skal bossbilen hente bosset nå? Viser til at de har fått tilbakemelding på at dette var noe kommunen skulle se på etter møter med representanter fra kommunen.	Området som benyttes til parkering i dag vil bli omgjort til grøntområder, dette i tråd med gjeldene planer, og det er kommunen som eier arealet. Det er foreslått fra kommunen å etablere en asfaltert snuhammer i enden av veien. Snuhammer forutsetter at man tar litt av grøntareal inne på gbnr 188/285, og etablering av snuhammer forutsetter godkjenning fra eierne av arealet. Henting av boss med bossbil vil bli tatt opp med rette instans og kommunen vil komme tilbake på dette.

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Me viser til tidlegare kontakt og overlevert dokumentasjon i saka.

For Rabben velforeining sitt vedkomande gjeld saka planlagt endring av areal gbnr 188/116, nedanfor kalla trekanten, som grensar inn mot Rabben velforeining sitt fellesområde, gbnr 188/285.

Det er tre forhold som er viktige for oss i samband med planlagt endring av trekanten:

1. Finna erstatningsplass for bossdunkar.
2. Finna erstatning for parkeringsplassar som vert fjerna.
3. Behalda open inn-/utkøyring mellom trekanten og vår gang- og køyreveg langs bustader i Bruvegen 60-78.

Dei to første punkta arbeider me med å finna løysing på. Det siste punktet er det viktigaste og mest alvorlege for oss. Dersom inn-/utkøyringa mellom trekanten og gang- og køyrevegen vert stengt, vil det verta køyring i begge retningar på den smale vegen, med innkøyring ved postkassestativet ved Bruvegen 80, og med snuplass ved Bruvegen 60 på vår side av grensa mot trekanten. Det vil verta minst dobbel så stor trafikk tett ved inn-/utgang til nokre av leilegheitene. Dette meiner me er ein uforsvarleg stor risiko i høve til den løysinga som har vore praktisert i minst 40 år: Inn-/utkøyring

til/frå to garasjar (tilhøyrande Bruvegen 60 og 62) via trekanten, og innkøyring frå trekanten mot postkassestativet for dei andre (einvegskøyrte), der nokre har bilen ståande ved bustadinngangen på eigen eigedom.

I konsekvensutgreiinga og risikoanalysen for Knarvikplanen frå 2015 er berre det som fell innanfor plangrensene vurdert. Konsekvensar og risiko for areal som grensar inntil planområdet er ikkje vurdert. Dette meiner me er utilstrekkeleg.

Me mottok nabovarsel frå Norconsult om ovannemnde tiltak som me svarte på. Me registrerer at ingen merknader frå Rabben velforeining og bebuarar her er tekne omsyn til. Norconsult har fått innvilga dispensasjon frå områdeplan i Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasé, inkl. endring på trekanten.

Me har framlegg til ei kompromissløyving på trekanten som me meiner vil kunna ivareta både kommunen og Rabben velforeining sine interesser. Me ber om dialog med kommunen om ei alternativ løyving til den som føreligg.

Vedtak på styremøte i Rabben velforeining 30.01.2025:

Styreleiar får fullmakt til å utarbeida skriftleg klage på at Norconsult har fått innvilga dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasé på gbnr 188/387 m.fl. Bruvegen. Styret ber om at tiltak på trekanten ikkje vert iverksett før klagen er ferdig handsama. Styret ber om dialog med kommunen med sikte på å koma fram til ei alternativ løyving til den som føreligg, og som kan ivareta både kommunen og Rabben velforeining sine interesser.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

I denne saka er det søkt om dispensasjon frå arealformål slik dei er synt på gjeldande plankart, ein har bytta om på plassering av formål anna veggrunn og vegareal (underformål veg) for å unngå vannskade på etablert bebyggelse som følgje av etablering av vannbed/grønstruktur langs offentleg veg o_SKV8.

Vurdering av omsynet

Formålet anna veggrunn omfattar areal som ikkje er køyreveg eller gang- og sykkelveg, men som er nødvendige for vegens funksjon og tryggleik og skal sikre naudsynt areal til grøfter fyllingar, sørge for areal til grøfter infiltrasjonsanlegg og drenering for å hindre vannansamling og skade på veg, holde frisktsoner opne og redusere risiko for ulykker, sikre plass for lysmaster, skilt ol. og beplantning.

Formålet gangveg er primært areal for å sikre mjuke trafikantar trygg ferdsel, sikker skuleveg og tilrettelegging for gåande, sykling, og belysning.

Omsyna skal sikre heilskapleg og fungerande infrastruktur.

I denne saka har administrasjonen lagt vekt på ansvarleg søkjar si vurdering. Tiltaka det er søkt om dispensasjon for å etablere er underformål knytt til veg og naudsynte funksjonar som må ivaretakast ved etablering. Ein har i søknaden vist til at ein ved å bytte om på areal avsett til anna veggrunn(regnbed/vegetasjon) og plassering av gangveg/fortau søkt å betre tilhøve for mjuke trafikantar og samstundes ivareta eksisterande bebyggelse. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsynet bak arealformål anna veggrunn og gangveg/fortau vert satt vesentleg til side i denne saka

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at ein ikkje reduserer dei rørde arealformåla, ein bytter om på plassering for å reduserer mogleg skade på eksisterande bygningar ved å flytte grøntstruktur vekk frå fasadar, mjuke trafikantar vert og flytta lenger vekk frå vegbane.

Etter ei samla og konkret vurdering finn administrasjonen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealformål o_VG, o_SF12 og o_SF13 ved at ein justerer plassering av desse er oppfylt. Det vert gjeve dispensasjon frå arealformål slik som omsøkt.»

«Nabomerknad

Administrasjonen legg ansvarleg søkjar si vurdering til grunn. Administrasjonen har elles lagt vekt på at merknadane er av privat karakter og at arealbruken i området er fastsett til vegareal i gjeldande reguleringsplan. Når tiltak er i tråd med regulert formål har ein krav på å få gjennomført tiltak jf. pbl §§ 12-4 og 21-4. I den aktuelle saka er det søkt om dispensasjon frå gjeldande plan for å ivareta eksisterande bebyggelse. Dispensasjonen omfattar justering av og plassering av underformål knytt til veg. Ein bytter om på plassering av gangareal og veggrunn avsett til grønt struktur. Tiltaka er i det vesentlege i tråd med reguleringsplanen.»

Vurderingar av moment i klagen

Det er klaga på vedtak om dispensasjon frå områdeplan Knarvik senter og løyve til opparbeiding av areal i hovudsak i samsvar med områdeplanen.

Klagar fremjar dei same moment i klagen som i nabomerknad til søknaden. Desse merknadane er handsama og vurdert av både ansvarleg søkjar og kommunen i det påklaga vedtaket av 30.0.1.2025.

Dispensasjonen som er gjeve i saka omhandlar ikkje areal som klagar har innvending til. Dei delar, som det vert klaga på, er i samsvar med godkjent områdeplan for Knarvik senter. Kommunedirektøren viser til at heimelshavar/tiltakshavar har rett til å bygge i tråd med godkjent reguleringsplan jf. pbl. §§ 21-4 og 12-4.

Pbl. § 12-1 fastsett omfanget av ein regulering og angir korleis areal kan brukast og bebyggast i tråd med planen. Gjeve dispensasjon med heimel i pbl. § 19-2 endrar ikkje planen.

Vidare har utbyggjar trekt grøntareal bort frå eksisterande garasjar langs Bruvegen og søker å etablere dei som ein rabatt mot køyreveg. Både grøntareal o_VG og gangareal o_SF12 samt o_SF13 vert etablert.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.

- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

• 1	• Skjema	•
• 2	• Situasjonsplan VA	•
• 3	• Situasjonsplan vei	•
• 4	• Landskap	•
• 5	• Plan og profil	•
• 6	• Veioppbygging	•
• 7	• Følgebrev	•
• 8	• Dispensasjonssøknad	•
• 9	• Kvittering Nabovarsel #1	•
• 10	• Opplysninger gitt i Nabovarsel #1	•
• 11	• Merknader med kommentarer	•

- 12 • Merknad Alver Tomtelag •
- 13 • Merknad Atle Ingleiv Isaksen •
- 14 • Merknad Bruvegen 48. 50, 52 •
- 15 • Merknad Halima Chakri •
- 16 • Merknad Said Ahabchane •
- 17 • Merknad Sture Hodneland •
- 18 • Merknad Tom-Even Nilsen •
- 19 • Merknad Tommy Lundøy •
- 20 • Merknad Vidar Rydland_Rabben velforening •
- 21 • Merknader Knatten burettslag •
- 22 • Vedleggsopplysninger •
- 23 • Dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, ganveg, friområde og rørtrase - gbnr. 188/387 mfl. Bruvegen •
- 24 • Klage på tiltak: Dispensasjon frå områdeplan Knarvik og løyve til etablering av veg, gangveg, friområde og rørtrasé - gbnr 188/387 m.fl. Bruvegen •
- 25 • Orientering om innkommen klage og vurdering av utsett iverksetting - gbnr. 188/387 •
-